



Bygland kommune

Ordfører

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
postmottak@kmd.dep.no

Vår ref:	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
2014/293-2	Leiv Rygg, ☎	002	25.06.2014

Svar på "Høring av lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma"

Eg syner til brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet datert 14.05.2014, «Høring av lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og langsiktige leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma».

Ei slik lovending er ei kraftig innskrenkning av det kommunale sjølvstyret. Samtidig gjev det staten ved fylkesmennene ei sær sars vanskeleg oppgåve som det er svært vanskeleg å forstå skal kunne fungere «byråkratisk». Det vil vere naudsynt for fylkesmennene å utøve betydeleg skjønn, noko som igjen sannsynlegvis vil føre til at skjønnsutøvinga vil bli forskjellig frå fylke til fylke, og mogleg også frå kommune til kommune i same fylke.

Lovendinga vil då føre til at betydeleg mynde og skjønnsutøving vert flytta frå lokalt folkevald nivå til staten. Uansett kva ein elles måtte meine om kommunereforma vil dette ikkje vere ein god start på ei reform det er sagt skal styrke lokaldemokratiet og gje meir mynde til kommunane.

Staten kan ikkje ha behov for å overstyre kommunar anna enn om staten ikkje har tillit til at lokaldemokratiet i kommunane tek ivare lokalsamfunna sitt beste.

Med helsing

Leiv Rygg
Ordfører i Bygland kommune